



Sondre(nr.12) og Marius er viktige brikker på laget.

Mandag kveld var det dukka for storkamp på kunstgrasbanen på Husnes. Då møttest G-16-laga til Trio/Halsnøy og Rosendal/Uskedalen til dyst. Etter ein spennande og god kamp kunne gjestene til slutt jubla over ein imponerande 2 - 1-siger.

Alt frå første spark på ballen var det spenning, temperatur og entusiasme i kampen, slik det skal vere i eit godt lokloppgjær. Etter 23 minuttss spel var det klart for første målet. Til glede for gjestepublikummet stod Rosendal/Uskedalen for det. Tobias Frislev scora etter ei gjennombrotspassning frå Sondre S. Myklebust.

Laget heldt leiinga i 5 minuttar, men så vart Trio/Halsnøy tildelt straffespark. Eivind Tufta Saghaug var sikker frå ellevemetersmerket, og dermed var stillinga 1 -1. Denne stillinga stod seg til heilt i slutten av omgangen. Då fekk publikum oppleve nydeleg samarbeid mellom dei to Uskedalsgutane Marius S. Myklebust og Sondre S. Myklebust. Marius la eit godt og presist innlegg frå venstrekanten til Sondre som heada den flott i mål. Dermed stod det 2 - 1 til gjestene, og det vart også pauseresultatet.



[Sondre S. Myklebust vart matchvinnar etter ei flott heading.](#)

2. omgang vart svært spennande, med god innsats og tildels høg temperatur. 5 gule kort til Trio/Halsnøy og 1 til Rosendal/Uskedalen fortel litt om det. Ingen av laga makta imidlertid å scora i denne omgangen, og dermed var det gjestene som kunne heva armene og jubla over ein sterk siger ved kampslutt. Laget ligg no heilt på topp på tabellen.

I tillegg til nemnde Marius og Sondre spela også Hermund Døssland ein god kamp. Alle 3 uskedelingane var solide bidragsytarar til det sterke resultatet.



Lovande fotballspelarar frå Uskedalen: Hermund Døssland(nr.5) og Marius S. Myklebust.

Tekst: Thor Inge Døssland.

Foto: Randi Steinsletten(frå kampen mot Os sist helg)